

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• lesa skjønnlitterære tekstar</li> <li>• kunna forklara kva som gjer ein munnleg presentasjon god</li> <li>• gje respons</li> </ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bli kjende med kvarandre, faget og ord knytte til å vera ung</li> </ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kjenna igjen og bruka dei fire rekneartane i ulike oppgåver</li> </ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• forklara kvifor det er viktig å vera kritisk til kva for nokre kjelder du hentar informasjon frå</li> <li>• vurdere om ei kjelde er truverdig eller ikkje</li> <li>• skilja mellom fakta og meingar</li> </ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utforska og samanlikna forteljingar frå ulike religionar</li> <li>• bli kjende med nokre fagomgrep om religionar og livssyn</li> <li>• reflektera over eksistensielle spørsmål</li> <li>• uttrykkja ulike meiningar ved hjelp av filosofiske samtaleformer</li> </ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utforska eit økosystem og forklara korleis biotiske og abiotiske faktorar påverkar kvarandre</li> </ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bli kjende med det spanske språket og språket sine reglar</li> <li>• læra meir om spansktalande land i verda</li> <li>• oppdaga levemåtar og tradisjonar i spansktalande land</li> </ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bli kjende med det tyske språket og tyskspråklege land</li> <li>• kunna presentera seg sjølv på tysk, munnleg og skriftleg</li> <li>• kunna stilla spørsmål på tysk</li> </ul>
Eng fordj	
Kroppsøving	<p><b>Volleyball:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• trenar på og utviklar ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• trenar på og utviklar ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</li> <li>• øva på og gjennomføra danseaktivitetar frå ungdomskulturar og andre kulturar, og saman med medelevar skapa og presentera dansekomposisjonar</li> </ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>• prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
K&H	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utforska korleis digitale verktøy og ny teknologi kan gi moglegheiter for kommunikasjonsformer og opplevingar i skapande prosessar og produkt.</li> </ul>
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bli kjende med faget og kvarandre</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker</li> </ul>
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• bli kjende med kvarandre, og bli kjende med ulike friluftsområde i nærleiken.</li> </ul>
Design	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kunne bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me helsar på kvarandre og blir kjende med kvarandre på trinnet</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

Velkomne til Bryne ungdomsskule og nytt skuleår! Me hadde ein kjekk oppstart med veldig kjekke elevar på torsdag og fredag! Me gler oss til å bli betre kjent, og me ser fram til 3 spennande og lærerike år med dokker!

### **Kantinekort**

Elevane har fått utdelt eit kantinekort med ei rettleiing til korleis ein kan aktivere det. Mange gløymer å registrere koden som står på kortet, og det er viktig for at kortet skal virke. Prisliste for kantina ligg på heimesida vår, men me anbefalar at elevane stort sett har med seg matpakke, då det kan bli kostbart å handle i kantina kvar dag.

### **Fråvær**

Dersom eleven er sjuk eller har avtalar hos tannlege og liknande, ønsker me at de registrerer det i Min skole-appen før kl 8 om morgonen.

### **Målform**

På ungdomstrinnet kan ein velga om ein vil ha bokmål eller nynorsk som hovudmål. Elevane fekk torsdag og fredag utdelt bøker etter den målforma dei er registrerte med. Om det er fleire som ynskjer bokmål, så må ein gje beskjed til kontaktlæraren.

### **Bøker**

Elevane har fått bøker i matematikk, naturfag og språkfag. I år skal me også få bøker i KRLE, men dei har ikkje kome enno. Det blir registrert kva boknummer eleven får, og slik har me oversikt over kven som låner kva for ei bok. Det er viktig at dokker legg bokbind på bøkene slik at me tar best mogleg vare på dei.

### **Fotografering**

Fotografen kjem på besøk 28.-30.august. Fotograferingsdag for kvar klasse blir lagt ut på vekeoversikten for veke 35. Alle klassane skal ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis på skulen. Dokker får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom direkte frå fotografen. Dette er valfritt.

### **Studie måndag 1.time**

Måndag 1.time har alle klassane studie annakvar veke. Den veka me startar på ny vekeplan har elevane studie. Den påfølgande veka har elevane fri denne timen. Det vil alltid stå på vekeoversikten om det er studie eller fri. (Naturlege «forskyvningar» som haustferie og liknande gjer at me ikkje seier partal/oddetal). Studie er ein time der elevane arbeidar med lekser eller anna skuelarbeid læraren gjer dei. Jobbar ein bra i denne timen, vil ein ikkje ha så mykje lekser heime.

### **Ipad**

Me minner om at elevane må ta godt vare på ipaden. Dei fekk ipad utdelt på torsdag, og det er viktig å oppdatera den og alltid lada den opp heime.

### **Mobilhotell**

Nytt av året er at me har heilt mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å leggja mobilen igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levera den inn i mobilhotell på skulen (sjå ordensreglar som ligg på heimesida under "Brev og beskjedar"). Fint om dei som ikkje har tatt ein prat om dette heime gjer det.

### **Kantinekort - Digipay**

Kantina opner på måndag. Elevane har fått utdelt eit kantinekort med ei rettleiing til korleis ein kan aktivere det. Mange gløymer å registrere koden som står på kortet, og det er viktig for at

kortet skal virke. Prisliste for kantina ligg på heimesida vår, men me anbefaler at elevane stort sett har med seg matpakke, då det kan bli kostbart å handle i kantina kvar dag.

### Heimesida

På [minskole.no/bus](http://minskole.no/bus) finn du det meste av informasjon om skulen og kva som skal skje. Kvar veke legg me ut vekeoversikten som viser kva som skjer den komande veka, og annakvar veke legg me ut informasjon til heimen og ny vekeplan for to veker. Abonner på nyheiter, så får du e-post kvar gong me legg ut noko.

### Foreldremøte

Onsdag 4. september kl 18.00 vil det vera foreldremøte i aulaen. Innkalling til møtet kjem! Set av datoen!

Helsing oss på 8.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Språk	Gloseprøve	Godkjent/ikkje godkjent	v.35
Norsk-lesing	Nasjonal prøve	Ja	v. 36
Matte-rekning	Nasjonal prøve	Ja	v. 37
Engelsk	Nasjonal prøve	Ja	v. 38

## HEIMEARBEID VEKE 34

<b>Norsk</b>	Ta med bibliotek-lånekortet ditt
<b>Engelsk</b>	Svar på spørsmåla på Engelsk på ON. Hugs å skrive fullstendige setningar. <ul style="list-style-type: none"><li>• Did you speak any English during the summer vacation? To who and what was the situation?</li><li>• Have you watched any films or tv-series in English during the summer?</li><li>• Have you read any books in English during the summer vacation?</li><li>• Do you think that English is an important language to learn? Explain why/why not..</li></ul>
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 1.4 , 1.8 og 1.9 i Grunnbok. Hugs å levera på One Note
<b>Samfunnsfag</b>	Veke 34 og 35: Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: <a href="#">Dagsrevyen 21 - NRK TV</a> . Skriv 3 setningar om <b>to</b> av nyheitssakene.

<b>Naturfag</b>	Svar på oppgåve 1 s. 26 i Solaris. Hugs å levera på OneNote.
<b>Spansk</b>	Øv på dei spanske uttalereglane. Du finn dei på s. 12-13 i Gente textos.
<b>Tysk</b>	Presenter deg sjølv på tysk (skriftleg og munnleg) + begynn å læra det tyske alfabetet. Oppg. ligg i ON, Hausaufgabe, Woche 34
<b>Eng fordj</b>	Jobb med presentasjonen av deg sjølv skriftleg og munnleg. Oppgåvebestillinga finn du på OneNote, Homework.
<b>Kroppsøving</b>	<b>Volleyball:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. <b>Symjing:</b> Partallsveker: 8AD. Oddetallsveker: 8BCE
<b>Kantine</b>	Møt i 8D sitt klasserom
<b>Friluftsliv</b>	Møt i klasserommet til 8B. Me går saman ned til Sandtangen, så <b>hugs klede og sko etter veret.</b>

<b>HEIMEARBEID VEKE 35</b>	
<b>Norsk</b>	Ha klar lesebok i skapet
<b>Engelsk</b>	Les teksten 'Whatif'. Du finn teksten på Teams som innlevering.
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 1.14, 1.17 og 1.19 i grunnbok. Hugs å levera på One Note.
<b>KRLE</b>	Forklar desse fem sentrale omgrepa med eigne ord: monoteisme, polyteisme, religion, livssyn og etikk. Skriv inn på OneNote under heimearbeid.
<b>Naturfag</b>	Forklar og gje døme på omgrepa økosystem, abiotiske faktorar og biotiske faktorar. Hugs å levera på OneNote under heimearbeid.
<b>Spansk</b>	Øv til gloseprøve på torsdag. Glosene finn du på One Note.
<b>Tysk</b>	Øv til gloseprøve på torsdag. Sjå ON, Hausaufgabe, Woche 35
<b>Eng fordj</b>	Øv til gloseprøve på torsdag. Glosene finn du på OneNote, Homework.
<b>Kroppsøving</b>	<b>Volleyball:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. <b>Symjing:</b> Partallsveker:8AD. Oddetallsveker: 8BCE
<b>Kantine</b>	Faglærer gir beskjed kven som skal laga mat
<b>Friluftsliv</b>	Møt utanfor hovudinngangen. Me skal vera ute, så <b>hugs klede og sko etter veret.</b>